

Hei elevar ved Sykkylven Ungdomsskule!

For første gong vert det arrangert Teknologifestival i Sykkylven, ein festival med spennande program, bedriftsbesøk og kjekke aktivitetar. Sykkylven er ei teknologikommune der fokuset i industrien er automatisering og forenkling av produksjonsprosessar. I Sykkylven er det per i dag 190 industrirobotar i drift. Det representerer over 10% av alle industrielle robotar i Norge. Sykkylven er blant dei med høgast robottettleik i Norge, og kanskje Norden.

I samband med Teknologifestivalen i veke 22, vert det og arrangert Barnas teknologifestival i regi av Sykkylven bibliotek. Biblioteket vil ha fokus på teknologi gjennom veka. Vi planlegg aktivitetar der borna får utfolde seg og lære gjennom leik.

Vi ved biblioteket ynskjer å utfordre 9. trinn ved Sykkylven ungdomsskule til å bidra til denne festivalen. Vi ynskjer å lage ulike aktivitetar med teknologi som tema, for barn i skulealder. Vi ynskjer oss også nokre ungdommar som kan vere på biblioteket og hjelpe til undervegs i veka. Vi ser fram til eit spennande samarbeid med elevane på 9. trinn.

Mvh helsing

Sykkylven bibliotek

**Barnas teknologifestival 30. mai - 03. juni**

I samband med Teknologifestivalen 1.-2. juni, vert det og arrangert Barnas teknologifestival, i regi av Sykkylven bibliotek.

Biblioteket vil ha fokus på teknologi gjennom veka. Dei planlegg aktivitetar der borna får utfolde seg og lære gjennom leik.

Ta borna med på festlighetene, dette blir stas!

**BARNAS TEKNOLOGI-FESTIVAL**

BIBLIOTEKET SYKKYLVEN

**BIBLIOTEKET HAR AKTIVITETAR FOR BORN 30. MAI - 03. JUNI**